

Kjem ungdomen vår heim att?

Økonomien, framtida og ansvaret vi vaksne helst ikkje vil snakke om.

Det finst tal som kan målast, og det finst verdiar som ikkje kan setjast inn i eit rekneark. Når vi snakkar om framtida til ein distriktskommune som Bømlo, er begge delar avgjerande. For kvar ung vaksen som vel å busette seg i kommunen vår, står vi ikkje berre overfor eit personleg val, men og eit samfunnsøkonomisk og kulturelt vegskilje.

Kva er verdien av ein ung vaksen?

For å starte med det konkrete. Ein ung vaksen i full jobb, med ei årsløn på rundt 500 000,- kroner, gjev kommunen ca. 50–70 000 kroner i kommunal skatt kvart år, pluss statlege overføringar per innbyggjar. I tillegg vil ein innbyggjar ha eit lokalt forbruk som held liv i butikkane våre, og kompetanse og arbeidskraft som gjer det mogleg for lokale bedrifter å vekse. Er vi ekstra heldige vil innbyggjaren skape framtidige barn, som er grunnlaget for barnehagar, skular og fritidstilbod.

Dette er ikkje småpengar. Over eit livsløp kan ein ung vaksen som buset seg i kommunen bidra med millionar i samla samfunnsverdi. Det er før vi reknar med ringverknadar som frivillig arbeid, lokalt engasjement og stabilitet i bumiljø. Når vi snakkar om «tilflytting», snakkar vi ikkje om statistikk. Vi snakkar om økonomien som held lokalsamfunnet oppe.

Kvifor kjem ikkje fleire ungdom heim?

Her kjem den delen som er vanskelegare å snakke om. For det handlar ikkje berre om arbeidsplassar, bustadprisar eller barnehagetilbod. Det handlar om noko meir ubehageleg. Det handlar om oss vaksne. Det handlar om kva bilete av Bømlo vi formidlar.

Ungdom veks opp i eit lydlandskap av vaksne røyster. Dei høyrer korleis vi snakkar om kommunen, politikarane, dei tilsette og systemet. Dette formar eit bilete av heimstaden – eit bilete som kan vere avgjerande når dei står med vitnemålet i handa og skal velje kvar dei vil leve livet sitt.

Når dei høyrer:

«Sei opp døflesket»

«Er vel berre å leggja ned heile anstalten»

«Eg skammar meg for å sei kva kommune eg bur i»

«Eg kan like godt berre skyta meg den dagen eg treng hjelp av kommunen»

... er det ikkje berre ord. Det er signal. Det er haldningar. Det er ein invitasjon til å sjå heimstaden som ein plass utan framtid.

Kven vel å flytte å til ein kommune som vert omtala som håplaus av sine egne?

Kritikk er viktig – men tonen vi vaksne har formar framtida vår i Bømlo. Kommentrarar på Facebook, rundt middagsbordet og i bilen. Det handlar ikkje om å vere ukritisk til eller usamd i politiske prioriteringar. Det handlar om å vere medviten. For ungdom fangar ikkje opp detaljane i budsjettokument, rapportar eller kommunestyremøte. Dei fangar opp stemninga. Og stemninga vi skaper, er med på å avgjere om dei ser Bømlo som ein plass å satse på – eller ein plass å forlate.

Distriktskommunar vinn eller taper på haldningar

Unge vaksne vel ikkje bustadkommune etter jobbtilbod lenger. Dei vel etter identitet, stoltheit, framtidstru og kva slags forteljing som blir fortalt om kommunen vår.

Kommunar som snakkar seg sjølve ned, taper. Kommunar som snakkar seg sjølve opp – realistisk, men med tru på egne moglegheiter – vinn.

Vi har meir makt enn vi trur

Det er på tide vi vaksne stiller oss sjølve ubehagelege, men naudsynte spørsmål; Kva slags bilete av Bømlo er det vi formidlar til dei unge? Snakkar vi om moglegheiter – eller om alt som ikkje fungerer? Skaper vi tru på framtida – eller resignasjon? Bidreg vi til at ungdommen kjem heim – eller til at dei held seg unna?

For kvar ung vaksen som vel Bømlo, vinn vi alle. I kroner. I arbeidskraft. I fellesskap. I framtid.

Kanskje startar det med noko så enkelt – og så vanskeleg – som at vi byrjar å snakke og skrive litt varmare om staden vi faktisk er så glade i.

#ordetfangar

FAU Bremnes ungdomsskule